



Alexander og dei andre elevane deltek i ein seremoni

**KVV-delegasjonen med 6 kvinnheringar som no er i Guatemala produserer ein imponerende blogg med spanande tekst og mange gode bilete og her er nokre døme på det.**

**Bloggen er å finna på [www.seksiguatemala.blogg.no](http://www.seksiguatemala.blogg.no) og er absolutt verd eit besøk. Ein av dei fire elevane er uskedelingen Aleksander Rebaudo.**





Magne Fitjar er reiseleiar

Dei tre andre er Ane Mogren, Preben Dale og Sindre Ullmann og reiseleiarar er lærarane Magne Fitjar og Karen Bogsnes. Dei reiste 21. februar for å besøkje venskapsskulen i San Lucas Toliman. Dette er eit prosjekt på vegne av over 400 elevar ved KVV og opplevingane som elevane har i dei to vekene opphaldet varar formidlar dei effektivt gjennom bloggen til dei heime som ikkje fekk mogelegheiten til å bli med.



Møtet med folket i Guatemala er både gripande og tankjevekkande

I bloggen kan ein mellom anna lesa om eit møte med mayabønder som tener 15 kroner dagen og fortel kor utruleg takknemlege dei er for at 'vi som bur på andre sida av kloden har valgt å hjelpe og sørge forat ungane deira får den skulegongen dei treng',  
'Den innsikta dei hadde i korleis verda heng saman og korleis godene her i verda er ujamnt fordelt, er ikkje noko du forventar av eit urfolk som aldri har hatt ein einaste dag på skulebenken, men tilbragt heile livet sitt på plantasjar', skriv Ane, Aleksander, Sindre og Preben.

Av Ola Matti Mathisen